

## MØTEREFERAT

Tema:	Regionkommune Sunnmøre - Sonderingsgruppa
Dato/Sted	Storfjord Hotel i Skodje kommune, 2. og 3. februar 2016
Møteleder:	Eva Vinje Aurdal, Ordfører i Ålesund kommune
Referent:	Erlend Krumsvik, Sunnmøre Regionråd IKS
Fremmøtte:	Roar Dyb-Sandnes, Formannskapsmedlem, Giske kommune Harry Valderhaug, Ordfører, Giske kommune Marit Elisabeth Larsen, Rådmann, Giske kommune Britt Andersen, Varaordfører, Giske kommune Siv Katrin Ulla, Formannskapsmedlem, Haram kommune Ewa Hildre, Formannskapsmedlem, Haram kommune Svein Harsjøen, Formannskapsmedlem, Haram kommune Vebjørn Krogsæter, Ordfører, Haram kommune Turid Hanken, Rådmann, Haram kommune Anders Riise, Ordfører, Hareid kommune Nils Magne Abelseth, Formannskapsmedlem, Sandøy kommune Odd Arve Orten, Formannskapsmedlem, Sandøy kommune Oddvar Myklebust, Ordfører, Sandøy kommune Ann-Heidi Orvik, Rådmann, Sandøy kommune Åse Kristin Ask Bakke, Varaordfører, Sandøy kommune Terje Vadset, Formannskapsmedlem, Skodje kommune Kari Grindvik, Formannskapsmedlem, Skodje kommune Regine Bruteig, Kommunereformkontaktperson, Skodje kommune Dag Olav Tennfjord, Ordfører/Nestleiar, Skodje kommune Bente Glomset Vikhagen, Rådmann, Skodje kommune Bjørn Ove Olsen, Formannskapsmedlem, Stordal kommune Eva Hove, Ordfører, Stordal kommune Anne Berit Løset, Rådmann, Stordal kommune Kjersti Ruset Hjelle, Varaordfører, Stordal kommune Øystein Båtnes, Formannskapsmedlem, Sula kommune Vibeke Bjørkavåg, Formannskapsmedlem, Sula kommune Jim-Arve Røssevoll, Ordfører, Sula kommune Svein Værnes, Varaordfører, Sula kommune Magne Anton Sunde, Formannskapsmedlem, Sula kommune Åge Remvik, Formannskapssekretær, Sula kommune Petter Lyshol, Formannskapsmedlem, Sykkylven kommune Odd Jostein Drotninghaug, Ordfører, Sykkylven kommune Njell Hoftun, Planleggar, Sykkylven kommune May-Helen Molvær Grimstad, Rådmann, Sykkylven kommune Karen Simonnes Aanes, Ordfører/leiar, Ørskog kommune Synnøve Vasstrand Synnes, Rådmann, Ørskog kommune Geir Peter Aure, Varaordfører, Ørskog kommune Øystein Tvedt, Gruppeleiar H, Ålesund kommune Tore Hals, Kommunereformkontakt, Ålesund kommune Eva Vinje Aurdal, Ordfører/Leiar, Ålesund kommune

Observatør:	Astrid Eidsvik, Rådmann, Ålesund kommune Tore Johan Øvstebø, Varaordfører, Ålesund kommune Egil Mortensen, Økonomileiar i Hareid kommune Jan Kåre Aurdal, Dagleg leiar i Sunnmøre Regionråd IKS Ingvil Liadal, kommunikasjonsrådgjevar i Sunnmøre Regionråd IKS
Forfall:	Annika Brandal, Formannskapsmedlem, Hareid kommune Kai Rune Bjørke, Kommunereformkontaktperson, Hareid kommune Bent Arild Grytten, Rådmann, Hareid kommune Kristian Fuglseth, Varaordfører, Hareid kommune Lars Joranger, Kommunereformkontakt, Stordal kommune Hallstein Skår, Formannskapsmedlem, Sula kommune Turid Kristin Sand, Formannskapsmedlem, Sula kommune Anne-Karin Watters, Formannskapsmedlem, Sykkylven kommune
Vedlegg:	Torill Ytreberg_Kommunereformen Kjell Sandli – samferdsel kommunereform Ole Helge Haugen – regionkommune_sunnmøre Bente G Vikhagen_Presentasjon til samling Storfjord Hotel 2 og 3 feb Erlend Krumsvik_Regionkommune Sunnmøre – Praktisk om forhandlingane Lars Fylling_Kommunerefor og økonomi, nytt inntektssystem

Desse kommunane er ikkje lenger med i arbeidet med Regionkommune Sunnmøre:

Norddal kommune  
Stranda kommune  
Ulstein kommune

-----

## **Tysdag 2. Februar 2016**

Velkomen ved ordfører i Skodje kommune, Dag Olav Tennfjord  
Kort historisk tilbakeblikk, med visning av bilder

Innleiing ved ordfører i Ålesund, og leiar for Regionkommune Sunnmøre, Eva Vinje Aurdal.  
Det vart lagt fokus på beslutningsteori, med utgangspunkt i Daniel Kahneman.

Torill Ytreberg, regiondirektør NHO Møre og Romsdal held innlegg om næringslivets perspektiv på kommunereforma.

- Presentasjonen er vedlagt referatet.

Kjell Sandli, Næringsforeningen, held foredrag om samferdsel som eit viktig kort i arbeidet med kommunereforma.

- Presentasjonen er vedlagt referatet.

Ole Helge Haugen, fylkesplansjef i Møre og Romsdal Fylkeskommune, held foredrag om Samfunnsutviklerrollen i kommunereformen.

- Presentasjonen er vedlagt referatet.

Det vart framheva i plenumsdiskusjonen etter dei tre foredraga at det var behov for at enkeltaktører i næringslivet uttalar seg om kommunereforma.

## Statusrunde i kommunene, orientering ved ordførarar.

### Hareid kommune, ved ordførar Anders Riise

Kommuna har gjennomført retningsval ved å gå vidare med Regionkommune Sunnmøre, og Ytre Søre Sunnmøre. Kommunestyret har ei genuin interesse i å forhandle i begge alternativa, særleg sett i eit langsiktig perspektiv. Kommuna er eit trafikknutepunkt i pendling mot Ålesund.

### Skodje kommune, ved ordførar Dag Olav Tennfjord

Kommuna har gjort retningsval med Regionkommune Sunnmøre (einstemmig), og Ny landkommune (12 for, 9 mot). Det har vore gjennomført dialogmøte med kommunestyret, der ein forankra utfordringspunkta. Kommuna har godt og ledig areal, og har god demografi.

### Sula kommune, ved ordførar Jim-Arve Røssevoll

Kommuna har gjort retningsval med Regionkommune Sunnmøre, og det å stå åleine som eiga kommune. Forslag til nytt inntektssystem er tatt til vitande, og kommuna kjem sjuande dårlegast ut av dette - målt nasjonalt. Kommuna vil truleg ikkje gjere endeleg vedta i kommunereforma før Stortinget har gjort endeleg vedtak om nytt inntektssystem. Kommuna har godt bumiljø, og rikt kulturmiljø.

### Ålesund kommune, ved ordførar Eva Vinje Aurdal

Kommuna har gjort retningsval med Regionkommune Sunnmøre. Kommuna har med norges vakraste bysentrum, som alle kan vere med å eige. Ålesund har det største vekstpotensialet i fylket. Vi er vertskommune med minst 60 interkommunale samarbeid, og representerer mykje interkommunal kompetanse. Det skal vere folkemøte 18. Februar 2016. Ålesund kjem truleg ikkje til å nytte folkeavrøysting som høringsmetode. Det er ei stor oppgåve å informere innbyggjarane våre.

### Sykkylven kommune, ved ordførar Odd Jostein Drotninghaug

Den 25 januar tok kommuna retningsval, og enda opp med å forhandle med Stranda, Regionkommune Sunnmøre, og muligheita for å stå åleine. Vi har ikkje tatt stilling til metode for innbyggjarinnvolving, og ein tek dette opp som sak seinare. Kommunen er opptatt av nærdemokrati. Kommuna har svært lav arbeidsledigheit (1,8%), og mange har sin arbeidsplass i kommunen (81%). Det er ei god industrikommune, og det er også ei rekreasjonskommune for kommunene rundt.

### Haram kommune, ved ordførar Vebjørn Krogsæter

KS2 om Nordøyveien har ingen avvik, og vi trur at vegen kjem. Dette vart annonsert på [www.smp.no](http://www.smp.no) i dag. Kommunestrukturen til Haram er truleg endra i 2020. Retningsvalet i Haram er å gå vidare med forhandlingar med Sandøy, Regionkommune Sunnmøre, men også forhandlingar mot kommunar i Ny landkommune. Kommuna skal ha rådgjevande folkeavrøysting, med nedre aldersgrense på 16 år.

### Giske kommune, ved ordførar Harry Valderhaug

Kommuna har gjort vedtak om å gå vidare med Regionkommune Sunnmøre, eller å stå åleine som kommune. Det skal gjennomførast folkemøter, slik at ein sikrar ein god dialog med innbyggjarar og næringsliv. Kommuna har god tilgang på næringsareal langs kyst.

### Ørskog kommune, ved ordførar Karen Simonnes Aanes

Den 28. Januar vart det gjort retningsval om å gå vidare med "Ny landkommune" og "Regionkommune Sunnmøre". Det har vore gjort diskusjonar om innbyggjarinnvolving, om det skal vere innbyggjarundersøking eller folkeavrøysting - dette er utsett til mars. Kommuna har med aksjar i Tafjord Kraft.

### Stordal kommune, ved ordførar Eva Hove

Kommuna har gjort vedtak om å gå vidare med Regionkommune Sunnmøre, og Ny landkommune. Det er fortsatt eit alternativ å stå åleine. Ingen alternativ er utelukka, og ingen alternativ er åpenbare. Det skal vere fleire folkemøter i prosessen framover, og det skal vere folkeavrøysting med aldersgrense på 16 år.

### Sandøy kommune, ved ordførar Oddvar Myklebust

Kommunen gjorde retningsval i november om å bli med i Regionkommune Sunnmøre. No er det lysare tider for Nordøyvegen, og då vil dette kunne bidra positivt i arbeidet vidare. Det skal gjennomførast folkemøte, og det er håp om få involvert næringslivet i dette. Forslag til nytt inntektssystem kjem gunstig ut til kommuna, med truleg +1 mill. Kommuna har eit stort havområdet, og havromet er ei framtidig muligheit for ei ny kommune. Vindmøllene er nedbetalt i 2017, og vil kunne forsyne halve kommunen med energi.

### Gruppearbeid

Møtelyden vart satt i gruppearbeid, med tema:

- Hva skal vere målsettinga ved den nye kommunen?
- Vidareføre samtalar om punkta i intensjonsavtalen

Gruppene leverte fylgjande referat:

#### Gruppe 1

Felles målsetting for den nye kommunen (jamfør visjonen for Regionkommune Sunnmøre)

#### NASJONAL SLAGKRAFT, REGIONAL ATTRAKTIVITET OG LOKAL IDENTITET

Tenester, gode og likeverdige

Gode tenester for innbyggjarane er første prioritet for politikarane.

Ei stor kommune nødvendig for å bevare tenestetilbodet

Styrke lokaldemokratiet

Habilitetsreglar og uavhengigheit, avstand sikrar lik handsaming

Frykt i små kommunar for å miste medbestemmelsesretten sin.

Samfunnsutvikling

Være attraktiv som region.

Samla bak utvikling av samferdsleløyisingar

Bærekraftig og økonomisk robuste kommunar

Demografi, fagmiljø, mindre sårbar for enkelthendingar og utvikling hjå hjørnesteinstenester

Breiband og fiberutbygging.

Bli einige om detaljnivå i intensjonsavtalane.

Samme mal som Regionkommune. Same overskrifter.

Matrise over kva tenestene skal innhalde og lokalisering. Grunnleggande og spesialiserte teneste.

Viktig å sette opp der det blir endringar.

Kommunikasjon til egen befolkning.

## Gruppe 2

Heilskapleg samfunnsutvikling

Mål for den nye kommunen:

- den nye kommunen må sikre vekst og utvikling i alle deler av kommunen
- den nye kommunen skal vere ein attraktiv kommune for etablering av næringsverksemd
- den nye kommunen må ha eit omforeint syn på prioriteringar av viktige samferdselsløsningar, viktig infrastruktur og kollektivløysingar.
- den nye kommunen må ha ein overordna arealdisponeringsplan som omfattar heile kommunen og som også gir kommunen ein styrke i regionen.
- den nye kommunen skal vere eit livskraftig alternativ til sentralisering til byområda.
- den nye kommunen skal vere ein attraktiv bu og oppvekstkommune der ein kan dra vekslar på kommunen sine naturgitte føresetnader ( bukvalitet, fritidstilbod, rekreasjon)

## Gruppe 2

Målsetting med ei ny kommune – «Vi må vere Sunnmøringar og ta vår plass, men vi vil vere med å bestemme».

Samfunnsutvikling

Samferdsel – trafikknutepunkt. Trenger bedre infrastruktur.

Viktig å ivareta sjølvstyre og primærtenester.

Lage noe nytt – muligheter å se på ting på ein annan måte.

Bedre enn i dag, også på teneste og interkommunalt samarbeid.

Ruste oss for fremtiden og oppgåver som vil komme. Viktig med regionalt samarbeid. Samle bo og jobbregionen. Mer effektive kommuner.

Ikke naboen som skal vere vår konkurrent. Vi må samle oss mot resten (Trh/Berg)

Ha en profesjonell distanse som tjenesteleverandør.

IKS for fragmentert.

Ivareta kvalitetene – felles fremtidig attraktivitet.

De fire nasjonale målene viktig – de små kommunene har behov for å kunne løyse tenestene sammen med andre.

Sette regionen på kartet, og vere attraktive.

Sandøy 150 år neste år. Alle er innhabile og kjenner hverandre. Har det godt, men må tenke på framtida.

Bedre tjenester viktig. Men ingen er perfekte i dag heller, uansett størrelse.

## Gruppe 3

### **Målsetjing med Ny landkommune**

Målsetjinga er å skape ei slagkraftig kommune mellom byane der alle jobbar saman for å utvikle attraktive og gode lokalsamfunn, med framtidretta tenester til det beste for den enkelte innbyggjar og næringsliv.

#### **1. Gode og likeverdige tenester for innbyggjarane**

*«Større kommuner med bedre kapasitet og kompetanse vil legge til rette for gode og likeverdige tjenester over hele landet. Større fagmiljø vil gi mer stabile arbeidsmiljø, bredde i kompetansen og en bedre tiltaksportefølje, særlig i små og spesialisert tjenester»*

## **2. Heilskapleg og samordna samfunnsutvikling**

*«Kommunesektoren skal bli bedre i stand til å løse nasjonale utfordringer. Reformen skal bedre forutsetningene for en styrket og samordnet lokal og regional utvikling i alle deler av landet både når det gjelder arealbruk, samfunnsikkerhet og beredskap, transport, næring, miljø og klima, og også den sosiale utviklingen i kommunen. Det er ønskelig at kommunegrensene i større grad tilpasses naturlige bo- og arbeidsmarkedsregioner.»*

## **3. Berekraftige og økonomisk robuste kommunar**

*«Større kommuner vil ha større ressursgrunnlag og kan også ha ein mer variert befolknings- og nærings sammensetning. Det gjør kommunene mer robuste overfor uforutsette hendelser og utviklingstrekk. Berekraftige og økonomisk robuste kommuner vil legge til rette for en mer effektiv ressursbruk innenfor begrensede økonomiske rammer.»*

## **4. Styrke lokaldemokratiet og gi fleire oppgåver til større kommunar**

*«Større kommuner kan få flere oppgaver. Dette vil gi økt makt og myndighet til kommunene, og dermed økt lokalt selvstyre. Større kommuner vil også redusere behovet for interkommunale løsninger. Færre og større kommuner som gjennomfører en velferdspolitik i henhold til nasjonale mål, vil redusere behovet for statlig detaljstyring. Kommunene vil slik få større frihet til å prioritere og tilpasse velferdstilbudet til innbyggernes behov.»*

## **Berekraftige og økonomisk robuste kommunar – overskrifter i ein intensjonsavtale**

### **Målsetjingar ift økonomi i den nye kommunen**

- Rasjonell drift
- Muligheit for framtidig effektiviseringsgevinst for å utvikle eller forbetre tenestene til innbyggerane
- Prinsippet om «all in» som hovudregel
- Rom for overgangsordningar dersom der er spesielle omsyn, td behov for spesielle utviklingstiltak

### **Overskrifter i ein intensjonsavtale**

#### **Inntekter og inntekspotensiale**

Må seie noko om eigedomsskatt

## Driftsøkonomisk effekt

xxx

## Framtidige satsingar

Jfr. reformstøtte

IKT og digitaliserte funksjonar, bygge robust infrastruktur, alle må vere på same plattform og ein må ha standardiserte løysingar

Kva satsingar er ein enige om i fortsettelsen

## **Onsdag 3. Februar 2016**

Velkomen og ord for dagen v/ordførar i Ålesund kommune og leiar av Sonderingsgruppa, Eva Vinje Aurdal Ho tok utgangspunkt i "Dette landet, av Odd Norstoga".

Praktisk gjennomføring av forhandlingane, ved Erlend Krumsvik, Sunnmøre Regionråd.

- Presentasjonen er vedlagt referatet.

Intensjonsavtale, detaljnivå og struktur, ved rådmann i Skodje kommune, Bente G. Vikhagen

- Presentasjonen er vedlagt referatet.

Det nye inntektssystemet, ved økonomileiar i Skodje kommune, Lars Fylling.

- Presentasjonen er vedlagt referatet.

### **Referat frå Gruppearbeid**

Oppgåve: Kva overskrifter skal vere med i intensjonsavtalen, og kva er dei viktigaste punkta å starte med?

#### **Gruppe 1.**

Viktig at intensjonsavtalen blir skrevet på eit språk alle forstår, ikkje komplisert politisk språk. Begge målformer.

Klar visjon, misjon og målsetting med ei ny kommune. Kva ekstra gevinst vil innbyggjarane få med å skape ei ny kommune? Viktig å få fram. Ei effektivisering vil på sikt kome innbyggjarane til gode.

#### ***Lokaldemokrati***

Korleis redusere opplevd avstand mellom politikarar, adm og innbyggjarar?

«kommunedelsutval» med mynde på ein del basistenester? Lokalt folkevalde tilsvarande omtrent som dagens kommunestruktur?

Ein går inn for formannskapsmodell og ikkje parlamentarisme.

#### ***Tilsette***

Skal ein gi garanti for at ingen tilsette misser jobben som følgje av kommunesamanslåing?

Det kan skje omorganisering og endring av arbeidsoppgåver som følgje av reforma. Trur at erfaringa i frå andre kommunar som har vore gjennom dette tilsei at ein treng dei tilsette ein har, men ved naturleg avgang kan ein foreta andre endringar.

#### ***Ultimatum***

Dersom nokon kommunar sitt med ultimate krav for å bygge ei ny kommune, må det kome fram tidlig i forhandlingane om ein intensjonsavtale.

#### ***Basistenester***

Ein må definere basistenester. Nærtenester må definerast.

Kva er likverdige basistenester?

Kva kan ein forvente av tenester fortsatt skal være der ein bur?

Kva er klokt å samlokalisere?

Ta for seg lista på interkommunalt samarbeid.

Landbruk, PPT, Barnevern, IKS mm.



Dele på goder og plikter.  
Organisasjonsstruktur  
Kor skal hovudadministrasjonen ligge?  
Definere kva som skal ligge i den sentrale administrasjonen.

### **Økonomi**

Det vil skje endringar i kommunane uavhengig av kommunereform. Viktig at denne informasjon kjem fram før innbyggjarane skal være med og ta stilling/gi råd til reformarbeidet.

Det kan være at tenestenivået går ned om ein ikkje går inn for å bygge ei ny kommune, fordi inntektssystemet «straffer» det å være frivillig liten. Så ein kan snu på det å sei at kommunereforma kan være med å oppretthalde tenestenivået.

Synliggjere økonomiske konsekvensar.

Vi må ikkje være så rause at vi aukar forventningane.  
Eigedomskatt – skal ein sei noko om det?

### **Lån og investering**

I perioden fram til bygging av ny kommune, bør ein ha ei felles system som «godkjenner» lån og investering i ein overgangsfase.

Ulike syn på kor mykje detaljeringsgrad ein skal ha med i ein intensjonsavtale. Nokon meiner at ein bør ha med ei oversikt over store investeringsbehov i den enkelte kommune.

### **Namn**

Kommunen skal ha eit nytt og samlande namn – namnekonkurransen?

### **Samferdsel**

Kva vil vi jobbe for?

Ikkje ta omkamp på prioriterte ting.

Kan vi finne noko ein kan samle seg særskilt om?

### **Bibliotek/NAV**

Gruppa diskuterte lov krav, som er at det for eksempel skal være eit bibliotek i ei kommune og NAV kontor. Dette vil ikkje være tilstrekkelig ut i frå behova.

Kva kan gjerast for å for eksempel sikre bibliotek tenester mange stader?

Bør ein sei noko om dette i ein intensjonsavtale? (Eit sterkt engasjement for biblioteka blant mange i gruppa)

### **Sterkt bysentrum**

Det er viktig for alle å ha eit sterkt urbant bysentrum – det bør kome fram. «Ein må våge å sei dei»

### **Samarbeidsklima**

Det er viktig å ha hatt eit godt samarbeids og forhandlingsklima. Dette er krevjande for mange - vi bør løfter kvarandre opp, i staden for å snakke kvarandre ned 😊

### Gruppe 3

Jim Arve, Turid, Ewa, Astris, Anne Berit, Egil M. , Terje V, Heidi, Bente, Dag Olav, Geir Petter

Stad: Storfjord hotell, 3. feb. -16

Viktige tema til forhandlingane

Politisk styringsmodell som sikrar:

- Nær-demokratisk modell som sikrar : God representasjon for heile den nye kommunen gjennom at dei ulike kommunedelane reelt kan påverke: Plan og areal, kultur, innstilling til budsjett

Tema som må avklarast: utnemnt av kommunestyre eller direkte val, mandatet sitt omfang.  
Korleis skal kommunedelane definerast ; gamle kommunar, skulekretsar, eller anna

Viktig sideomsyn : Korleis lage ein modell som ikkje stimulerer til «bygdelister»

Implementere nettverksmodell for politisk medverknad og styring

Arbeide for færrast mulig interkommunale samarbeid som hindrar folkestyre

-Effektiv samfunnsutvikling for regionen gjennom;

Overordna transport-, kollektiv- og arealplanlegging

Den nye kommunen må arbeide for å finne nye, innovative måtar å styrke samfunnsutviklinga i regionen

Næringsutvikling

Fortsatt tettstadsutvikling i den nye regionkommunen

Arbeide for ein tenleg infrastruktur som reduserer reisetida mellom tettstadane i den nye kommunen

Søke å sikre ei felles prioritering av strategisk viktige samferdsleprosjekt slik at den nye kommunen legg heile tyngda si bak dei prioriterte prosjekta mot fylkeskommunale og statlege organ. Visten ved å tale med ei samla røst vil kunne vere stor.

Annan teknisk infrastruktur. Digital infrastruktur må prioriterast som ein del av tettstadsutvikling og felles samfunns- nærings- og tenesteutvikling.

Kommunenamn:

Eit nytt namn som ikkje er namnet til ein av dei eksisterande kommunane

## Plassering av administrasjonsstad

På ein stad som minimerer reisetid for den samla nye kommunen. Administrasjonsstaden treng ikkje å ha samla alle spesialfunksjonane på same stad. Prinsippa for lokalisering må være at dei er lokalisert på måtar som både sikrar sterke fagmiljø og god utnytting av den nye kommunen si samla bygningsmasse.

Kan det vere ein i de at det nye kommunestyret som ei symbolsk handling skal legge møta sine desentralisert etter tur i dei gamle tettstadane?

## Tenesteutvikling

Sørgje for at basistenesene forblir gode og med kort fysisk avstand til brukarane. Desse tenestene må konkretiserast og synleggjerast slik at ein ikkje får unødvendige spekulasjonar om at desse tenestene vert flytta/sentralisert.

Arbeide for ein effektiv, rasjonell ny organisasjon som søker å både utvikle stordriftsfordeler samtidig som ein søker å bevare fordelane som ein liten kommune har.

Servicetorg i som samlokalisert med biblioteka bør vurderast.

Dei to andre gruppene har ikkje levert referat.

### Felles kommunestyremøte 29. februar 2016.

Sonderingsgruppa vedtok at alle deltakarkommunane skal delta på eit felles kommunestyremøte måndag 29. februar 2016.

Tidlegare koordinerande gruppe for Sonderingsgruppa vart valt som arbeidsgruppe for dette arrangementet. Gruppa består av:

Eva Vinje Aurdal, ordførar i Ålesund kommune  
Dag Olav Tennfjord, ordførar i Skodje kommune  
Bente G. Vikhagen, rådmann i Skodje kommune  
Turid Hanken, rådmann i Haram kommune  
Tore Hals, bysekretær i Ålesund kommune  
Erlend Krumsvik, rådgjevar i Sunnmøre Regionråd IKS

Møtet slutt 12:30